

Referat frå styremøte i Fyresdal Idrettslag 02.09.2015

Til stades: Espen Valseth, Elisabeth Gasman, Elisabeth Taraldlien, Ann Merethe Røed Momrak, Kjell Ove Homme og Hege Rokseth

Forfall: Janne Teksle, Anne-Mette Momrak

Referent: Hege Rokseth

Neste møte: 28.oktober 2015, kl 19:30



17/15 Godkjenning av innkalling og referat frå møtet 21/5-15

Godkjent

18/15 Orienteringssaker.

Arbeidsgruppa for fleirbrukshall

Idrettsrådet har vært i arbeidsgruppe som har sett på finansieringsmodeller og skisseprosjekt som skal danne grunnlag for søknad på spillemidler.

Skien på befaring - ny hall på Heistad, Skien fritidspark, Nye Skienshallen, Kongerødhallen på Klyve, Mælehallen bak Skagerak arena. Hensikta er å sjå kva dei har bra, men og kva dei opplev at dei skulle ha gjort annleis.

19/15 Økonomi / Rekneskap

Kort gjennomgang frå kasserar.

Inntekter på 140 000. Driftskostnader 76 000. Overskudd på 64 000. Kulturmidlar har kome inn, og skal delast ut. Dette blir vedteke av hovudstyre separat.

20/15 Kort orientering frå gruppene

Symjegruppa:

Startar att i september.

Symjeprosjekt - 5 dagar etter kvarandre for flyktningebarna. Både fyrstehjelp og symjetrening.

Det blir fleire rekruttstevner i vinter.

Skal vere med som del av barneidrettskulen, og arrangere symjeskule.

Barneidrettskulen.

Begynner på tysdag 8.september. Kanskje litt kollisjon med fotballen dei fyrste vekene. Forlenger sesongen fram til 1.mai.

Fotballgruppa.

Norway Cup - J14 var med og gjorde det veldig bra. Kom til B-sluttspillet. Fotballskulen - ca 100 påmeldte. Fungerte bra. Neste år 10 års jubileum for fotballskulen. Fotballskule i Vinje - 100 ungar frå 2004 og oppover (Colchester). To frå Fyresdal var med. 2 stk blei

plukka ut og fikk tilbod til å kome over til Colchester på besøk og for å trene med laget/spille kampar.

Fotballskule i Vinje for jenter (Liverpool academy). Seks jenter frå Fyresdal var med. Over 100 deltakar. Tre jenter frå 2003-2001 frå kvar klubb, og tre jenter frå 2001-1999 frå kvar klubb blir plukka ut og sendt til Liverpool for det same som gutane. Det hadde vore interessant å finne ut kvifor det ikkje er fleire som deltek på slike arrangement.

Innebandy.

Har starta opp att etter sommarferien. Torsdag og søndag kl.20-21:30

21/15 Bispevegsmarsjen og TA-trimmen

Orientering ved (turansvarlig) Espen. Vurderte å avlyse deltaking i Bispevegsmarsjen, men valgte å prøve eit år til. I fjor var det med seks stykk (ikkje frå Fyresdal ein gong). I år var det bare ein buss for å spare kostnadar, og det ble ikkje bruka pengar på markedsføring. Frå Fyresdal var det ca 24 stk (ein del frå Fyresdal) og frå andre sida var det over 40 stk slik at det ikkje var nok med ein busstur. Ble veldig bra arrangement.

TA-Trim - har ikkje høyrd noko om den. Bør vere noko vi er med på.

22/15 Medlemsregister og Min Idrett

Endelig avklaring/vedtak. Elisabeth Gasman har vore på kurs for å lære å administrere systemet. Det kjem til å vere eit krav å 1.1.2016 - ingen unntak.

Symjegruppa - sjekke om deltakar som bare skal vere med på treningar og lokale stevne må betale lisens (ift forsikring)

23/15 Julekalender 2015

Same prosedyre som i fjor. Hege skaffar lister og delar ut.

24/15 Ymse

Logo - forslag om å lage ny for å få vekk sponsostrykk i logoen. Einstemmig vedtatt.

Sponsoravtaler - felles med langsiktige avtalar? For å kunne lage felles treningsdressar etc og å spare jobb på dei små gruppene. Ikkje sams om å gjere det pga vanskeleg å fordele.

Politiattest - alle som skal jobbe med barn og unge under 18 år og/eller funksjonshemming. Gjelder både tilsette og frivillige. Gjeld både ulønna og lønna arbeid. Kjell Ove fylgjer opp, og vil framleis stå som ansvarlig for poilitattestar i FIL

Skigruppe - aktiv satsing ski/rulleski. Ta kontakt med Janne.

NB - Samfunnshussalen - fylgje med på når søknadsfrist for vintersesong er klar.